



Statens vegvesen har gjeve grønt ljøs for skilting til Dønhaug Gjestegard frå dette krysset med riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling laga i vår ein plan for å gje bygda betre skilting.

Sist månad var det ei synfaring med representantar frå Statens vegvesen som reaksjon på skiltplanen og no er det gjeve klårsignal for skilting av følgjande tiltak: Dønhaug gjestegard, kyrkja, badeplassen, daglegvarebutikken og rasteplassen som no skal komma i sentrum.

Dei det gjeld må sjølve ta kostnadene med skiltinga. Det skal også setjast opp ei servicetavle før innkøyringa – med stadnamn og fire symbol. No må Uskedal Utvikling velja dei fire.

Einskilde av skilta som no står sentralt i Uskedalen vil bli fjerna som resultat av denne oppryddinga.